



MOTTOPPEN: På siste kulen før toppen hadde me god utsikt til Hest, men toppen viste seg for utfordrande for turlagsfølget då fast og skarete snø gav fare for utgliding. (Foto: Ole Kristian Åset)



OPP FRÅ VÅREN: På veg opp mot Nonskard frå Leirdalen. Tunsbergdalsvatnet og vårgroene markar i Leirdalen i bakgrunnen. (Foto: Ole Kristian Åset)



HØG VANDRING: Frå eggen mellom Hest og Grøndalseggi hadde deltakarane på topptur med Sogndal Turlag framifrå utsikt mot både Leirdalen og Veitastrond. I bakgrunnen ser me toppen av Hest (1.632 moh). Turleiar Anne Rudsengen i front. (Foto: Arnt Flatmo)

Luftig vandring i kaldt fjell

LUSTER: Sogndal turlag møtte uventa hindringar på topptur mot Hest i Leirdalen. Trass i nydeleg vær, gjorde skare at toppen var utanfor rekkjevidd.

Følgjet med folk frå Leikanger, Sogndal og Luster starta frå bomvegen i Leirdalen i strålende sol, og det varte ikkje lenge før me måtte kaste av oss både jakker og ullstilongsar i den steikande sola på veg opp

bakkane.

Etter eit par timars vandring var me oppe i Nonskard, der utsikta opnar seg ned til Veitastrondsvatnet på motsett side, 1.100 høgdemeter under den smale ryggen som deler Leirdalen og Veitastrond.

Hardt føre

Men allereie før me kom oss opp i Nonskard, hadde me byrja å fatta mistanke om at den bratte bakken opp til toppen kunne bli vanskeleg, for snøen var uvanleg hard til å vera første helgen i mai.

Etter ei flott vandring på rundt to kilometer langs den luftige eggen, stod me endeleg ved foten av Hest, men tilhøva i den bratte kneika fordra at ein hadde sær god erfaring med å røra seg i brattlende, og helst burde ein ha utstyr som stegjarn, isøks og kanskje tog.

Riktignok var tre sær fjellvande lustringar på toppen medan me stod nede i skardet, men for turlagsgruppa vart det for utfordrande.

– Det kalde været har gjort at me ikkje har fått den gode, mjuke vårsnøen som pleier å gje oss oss godt fot-

feste i bratta. Ei utgliding kan bli vanskeleg å stoppa, så me kan ikkje ta sjansen, sa turleiar Anne Rudsengen.

Nøgde


Stemminga var likevel på topp i turlagsfølget, og med fjellvettregelen «det er ingen skam å snu» klingande i bak-hovudet og filosofien «turen er målet», vart planane lagt om til å gå tilbake til Nonskard og opp på Grøndalseggi (1.423 moh) i staden.

Undervegs fekk me guiding frå medturleiar Finn Loftesnes, som hadde mykje informasjon om topp-

ane me såg i nærområdet rundt Veitastrond, Sogndalsdalen og Jostedal- en, og på sørsida av Sognefjorden der me mellom anna kunne sjå Syrdalsbreen i Aurland og Rambera i Vik.

Sola varma godt i matpausane, men det var minusgrader i lufta, slik at nedfarten vart tøffare for beina enn ein kan venta seg på denne årstida. Men alle kom seg heilskinna ned, ei flott turoppleving rikare, trass i ein broten stav nede i den tette bjørkeskogen.

Ole Kristian Åset
ole.kristian@sognavis.no



DIMENSJONAR: Folk blir små blant dei store skavlane på fjellryggen opp mot Hest. (Foto: Arnt Flatmo)



MAIPUDDER: Det var høve til å få til fine telemarksvingar der vindtransportert puddersnø dekte skaren. (Foto: Arnt Flatmo)

Laurdag

God helg



Maratonmannen

I 1990 la Hermund Kleppa ein plan. Han ville byrja å springa, helst langt. Tjue år seinare står han oppført med 70 maratonløp. – Eg kjende meg tung og treg, vart andpusten berre eg snudde meg, eg forstod eg måtte leggja om, seier 69-åringen.

Sogn Avis